

ART arkitekter og ingeniører AS  
Langelandsvn. 17  
6010 ÅLESUND

Vår dato: 18.09.2018  
Vår ref.: 201838012-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 21.08.2018  
Dykkar ref.: O.Gjøsund - OG@a-r-t.no

Sakshandsamar:  
Ole-Jakob Sande

## **NVE sitt innspel - Varsel om oppstart - Reguleringsplan - GBnr 4/131 mfl på Muri - Valldal Høvleri AS - Bustader, fritidsbustader mm - Norddal kommune**

Vi viser til varsel om planstart av reguleringsarbeid datert 21.08.2018. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for bygging av bustader, fritidsbusetnad/ fritids- turistformål samt sikre friområde og løyse vegtilkomst til byggeområda og friområde.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde innanfor saksområda flaum- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL).

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) syner oppdatert informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg innanfor det aktuelle planområdet.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE si sjekklister for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på [www.nve.no/arealplan](http://www.nve.no/arealplan).

### Konkret innspel:

I vedlegg varselbrevet datert 20.06.2018 er det vist til at det må gjerast vurderingar i høve til fare for flaum/oppskylning. NVE viser til at det er gjort kartleggingar av ulike typar naturfare i området;

I regi av NVE er det gjennomført skredfarekartlegging i bratt terreng for Norddal kommune, jf. faresonekart på [NVE Atlas](#). For det varsla planområdet er det kartlagt skredfare for alle tryggleiksklassane som er definert i Byggeteknisk forskrift (TEK17). Fareområda må innarbeidast i planen, dvs. syne som omsynssone (jf. PBL § 12-6), og ha tilhøyrande føresegnar som sikrar akseptabel

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.

Planområdet ligg under marin grense med eit potensiale for marine avsetningar i underliggande lausmasselag. I samband med Risiko- og sårbaranalysen (ROS) bør det gjerast ei vurdering av potensiale for kvikkleire i området, og vi viser til rettleiar [7/2014 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) og prosedyre i kap. 4.5.

I [Delprosjekt Sylte 3/2006](#) har NVE utarbeidd flaumsonekart for Valldøla i planområdet. Utrekningane er gjort for 200-års flaum med krav om 0,3 m tryggleiksmargin. Det er ikkje teke omsyn til forventa auka flaumnivå som konsekvens av klimaendringar. I [klimaprofil for Møre og Romsdal](#) er det rådd til eit klimapåslag på 20% for Valldøla. NVE kan supplere med justerte høgder på vasstandprofilerna der klimapåslaget er rekna med.

Rapporten syner også ekstremvasstander i sjø (stormflo) for store delar av planområdet. Havnivåstiging er ein alvorleg konsekvens av klimaendringane. Vi syner her til DSB sin rettleiar Havnivåstiging og stormflo.

Areal som er omfatta av flaumsonerapporten og ny kunnskap om klimaendringar må synast med omsynssone (jf. PBL § 12-6) i plankartet og ha tilhøyrande føresegnar som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad .

Det må i planarbeidet vurderast om området ligg tilstrekkeleg trygt for oppskylling av flodbølgje ved eit eventuelt skred frå Åknes og Hegguraksla. Innanfor flodbølgjeutsett området kan det ikkje byggast med mindre det skjer i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK17) §§ 7-3 og 7-4. Oppskyllingssona frå flodbølgja må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf. PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegnar som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad.

I følgje Vassressurslova (VRL) § 11 skal det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i reguleringsplanen. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. PBL § 12-5 nr 6, kan nyttast til å merke vassstreng. Vassdrag kan også regulerast til «Natur og friluftsliv».

Dersom planen inneber inngrep i vassdraget må det gjerast greie for om det er knytt allmenne interesser til vassdraget, og korleis inngrepet påverkar desse interessene. Som døme på allmenne interesser kan nemnast fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb. Det bør også gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar for allmenne interesser.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillate i reguleringsplan ikkje treng særskilt løyve etter VRL, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming føreset at planen gjev ei god skildring av tiltaka og at konsekvensane for allmenne interesser er vurdert.

Ein høgspenteleidning som kryssar planområdet er en del av distribusjonsnett. Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor virkeområdet til PBL og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter PBL § 11-7 nr. 2.

I plandokumenta må det være skildra kva vurderingar som er gjort, og gå tydeleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen. **Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt.** Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til [rv@nve.no](mailto:rv@nve.no).



NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#).

*Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.*

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Ole-Jakob Sande  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
NORDDAL KOMMUNE